

## ***Forskrift om åtferdsreglar etter friluftsløva § 15 – forbod mot camping/ overnatting omkring mykje brukte friluftsområde i Lom kommune***

Fastsett av Lom kommune 20.06.2023 med heimel i § 15 i lov om friluftslivet av 28. juni 1957 nr.16.

### ***§ 1. Formål***

Formålet med denne forskrifta er å verne dyre- og plantelivet og hindre ulemper knytt til sanitære tilhøve og helseisiko i mykje brukte friluftsområde i Lom kommune.

### ***§ 2. Virkeområde***

Denne forskrifta gjeld følgjande område i Lom kommune, nærare avgrensa på kartvedlegg til forskrifta:

- a. badeplass ved Liabrua - delar av gnr./bnr. 81/4, 83/1, 84/10 og 12, 84/32.

### ***§ 3. Forbod mot camping/ overnatting***

Utandørs overnatting er forbode i områda nemnt i § 3, jfr. kartvedlegg til denne forskrifta. Forbodet gjeld all overnatting i m.a. telt, campingvogner, bubilar.

### ***§ 4. Dispensasjon***

Lom kommune v/ administrasjonssjefen kan etter søknad i særlege høve gje dispensasjon frå forbodet i § 3.

### ***§ 5. Straff***

Brot på denne forskrifta kan medføre bortvising frå området og straffeansvar etter lov om friluftslivet § 39.

### ***§ 6. Iverksetjing***

Denne forskrifta trår i kraft frå tidspunkt for kunngjering i Norsk Lovtidend.

**Vedlegg: Ortofoto med avgrensing av området, jfr. § 2.**

# Kartvedlegg 1:3000 - avgrensning av friluftsområde ved Liabru, jfr. § 2

